



Statens vegvesen

Baroniet Rosendal
Postboks 235
5486 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Guri Finne Sognnæs /
91576451


Vår referanse:
16/145237-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.11.2016

Nedklassifisering av Fv. 53 – Veg gjennom Baroniet i Rosendal – Kvinnherad kommune

Statens vegvesen vil informera om at vegen gjennom Baroniet (alléen) er vedteken nedlagt som offentleg veg og overført til privat veg vederlagsfritt til dykk, Den Weis-Rosenkronske Stiftelse, som vegeigar (sjå figur og bilete under). Fylkesutvalet vedtok nedlegginga 29.01.2016, med heimel i veglova § 7.



Syner fv. 53 som skal nedleggjast.



Nedlegginga skjer i samanheng med at strekninga fylkesveg (fv.) 53 hp 1 km 0,440, som går til kommunal veg (KV98047) ved Hatteberg, skal omklassifiserast til kommunal veg (sjå figur og bilete under). Me finn det naturleg at vegen gjennom Baroniet vert overført til dykk, då denne vegen er stengt i dag og ikkje vert drifta av Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Syner fv. 53 som er omklassifisert til kommunal veg.

Omklassifisering er ein lengre saksprosess. Misforståing internt i Statens vegvesen er årsaka til at de ikkje har vore involvert i saka tidlegare. Statens vegvesen ber om årsak for dette. Me ynskjer å retta opp i vår feil i sakshandsaminga. De får difor no dette skrivet, og me ber om attendemelding om dykkar syn på saka. Under fylgjer bakgrunnen for nedklassifiseringa, oppsummering av sakshistorikken og vidare saksgang:

Bakgrunn

I samband med opparbeiding av ny parkeringsplass til Baroniet i Rosendal skulle fylkesveg 53 gjennom Baroniet mot Hatteberg leggjast om. Det vart utarbeidd reguleringsplan for omlegging av fylkesvegen og parkeringsplass (vedteken i 2007, sjå figur under).



Gjeldande reguleringsplan for omlegging av fv. 53 og parkeringsplass.

Parkeringsplassen er opparbeidd, men ikkje den omlagte fylkesvegen ved parkeringsplassen. Arm av fv. 53 (alléen) gjennom Baroniet er fysisk stengd, og trafikken til Hatteberg går no i samsvar med reguleringsplan.

Sakshistorikk

- 08.01.2015 og 15.01.2015: saka vart sendt på intern høyring til vår vegseksjon (Vegseksjon Voss og Hardanger), Eigedomssesksjon, Geodataseksjon og Fylkeskontakt i vegavdeling Hordaland.
- 28.03.2015: saka vart sendt på ekstern høyring til Kvinnherad kommune. Dei gav tilbakemelding angående den vegstrekninga som skal omklassifiserast til kommunal veg.
- 14.08.2015: Statens vegvesen og Kvinnherad kommune var på synfaring av den vegstrekninga som skal omklassifiserast til kommunal veg.
- 24.08.2015 og 18.11.2015: saka vart sendt på ekstern høyring til Hordaland Fylkeskommune.
- 29.01.2016: Fylkesutvalet fatta fylgjande vedtak: «Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentlig veg mellom km 0–0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt». Dette gjeld den vegstrekninga som går gjennom baroniet (alléen).
- 13.10.16: Kvinnherad kommune og Statens vegvesen signerte overleveringsprotokoll for den vegstrekninga som vert omklassifisert til kommunal veg «omlagt fv. 50 frå X fv. 53 hp 1 km 0,440 til kommunal veg ved Hatteberg».

Vidare saksgang

I samsvar med veglova § 7 fyrste ledd er det Hordaland fylkeskommune som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. I dette tilfellet har Hordaland Fylkeskommune allerede fatta vedtak. Me er likevel interessert i å høyra dykkar tilbakemelding på saka.

Venlegast gje ei tilbakemelding innan 08.12.2016.

For spørsmål, ta kontakt med sakshandsamar på telefon eller e-post
guri.finne.sognaes@vegvesen.no

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonssjef

Guri Finne Sognæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL

